

Garborgåret . . . og Sandheden

innlegg i Aftenbladet 17. januar 2002 av Rolf Erik Solheim, Åmotfors, Sverige

”Sandheden, Sandheden, om den så skal lede til Helvede”.

Slik markedsførte Garborgåret Arne Garborg for ungdommen. Men, så å fortelle ungdom (og voksne) hvor hans søken etter "Sandheden" faktisk ledet ham, nei, det var det ikke plass til blant de 450 tilstelningene i Garborgåret, som ble avsluttet i Berlin 1. desember.

Arne Garborg vasket møysommelig fram sitt endelige livssyn i de siste 10-12 årene av sin litterære utfoldelse. Deretter brukte han resten av sitt liv til å forsøke å meddele det til sin omverden uten helt å lykkes. Og ei heller i 2001 var dette interessant, verken på Jæren eller Tynset, i Oslo eller Asker. Kanskje vi må vente ytterligere 50 år, til neste jubileum, før dette temaet kommer på agendaen.

Garborgårets motto var blant annet:

Vi vil få fram kva dei (Hulda og Arne) engasjerte seg i, kva slags verdiar, haldningar og meiningar dei stod for.

I Garborgåret 2001 var det ikke et eneste planlagt arrangement som tok utgangspunkt i Arne Garborgs livs- og verdisyn, den konklusjon fra 1906 som han gang på gang kommer tilbake til i dagbøkene og kaller sin store *avklaring*. Da han i 1908 var ferdig med et liv i grubling og tankestrid og hadde fullført det i bokform, hadde han ingen litterære arbeidsbehov lenger. Hans kunstneriske skapertrang var uttømt i og med at hans selvterapi som forfatter var fullført. Med *Heimkomin Son* satte han punktum. Mange har senere lurt på hvorfor han ikke skrev flere litterære verk. Svaret står der klart og tydelig for de som gidder å lese hans dagbøker.

Resten av livet brukte han på å formidle sin livsanskuelse i artikler, brev og foredrag, en anskuelse som fant sin eksponent i Henry George, den amerikanske sosialisten. Georgismen ble hans svar på datidens urettferdige fordeling, fattigdom og nød. Så hva er interessant med dette i dag? Jo, mens Georgismen er fullstendig glemt i Norge, så er den fullt oppegående i mange land, som en aktiv etisk motkraft til en global økonomi uten tøylar og uten styring. Det snakkes mye om Attac i disse tider. Hvorfor diskuteres ikke Garborg og Georgismen?

Ingen antikapitalist i Norge har noensinne vært så intens, selv ikke Aslak Sira Myre. Garborg betraktet russisk kommunisme, ”bolsjevismen”, som et feiltrinn og en like stor trussel for fred og verdensharmonier som storfinansien. Slike synspunkter ble ikke diskutert i året som var laget til hans ære. Hvorfor ikke?

Målet med Garborg-året var nemlig videre at:

. . . det skal først og fremst vera samtids- og framtidretta. Og fordi vi har tru på aktualiteten i Garborg-året, har vi dagens unge som viktig målgruppe.

Hvor ble det av disse framtidsrettede ungdomstilstelningene? Hvor havnet Garborgs håp for fremtiden og hans engstelse for overdreven materialisme? At vårt samfunn er enda mer angrepet av "pengesjuken" enn hans egen samtid var, og hva som kan gjøres med den, er faktisk det mest interessante med Arne Garborg for ungdom i dag, om man spør dem. Hvorfor tok ingen opp dette? I en verden hvor det etiske nettet snøres tettere sammen om en rystet menneskehet etter 11. september, fortsetter Norge (og julehandelen) stort sett i samme spor av "shopping and fucking" som en trendforsker har fastslått er tidens melodi. Hva ville Garborg ha sagt om det, han som formulerte en verdensetikk på linje med Tolstoy og Gandhi?

I Stavanger Internasjonale Litteraturfestival i oktober var også Kirken med i programmet med en "litterær messe" i Stavanger Domkirke. I våpenhuset ble det delt ut programblad for alle som ville synge med og delta i "Messe for ein tvilar", der tvileren var Arne Garborg. Messeliturgien var satt sammen av biter fra *Den burtkomne Faderen* med innslag av en ordinær gudstjeneste med syndsforlatelse, frelse og nattverdssakrament. Alt på ramme alvor. Liturgien inneholdt altså alt det Garborg kjempet mot og som han kalte Kirkens teologiske konstruksjon: Stedfortredende lidelse, den treenige Gud, sakramentene, jomfrufødsel, oppstandelse og Luthers trosbekjennelse.

I følge Garborg begikk teologien i århundrenes løp et totalt forkvakleri av snekkersønnens budskap. Og nå hadde Stavanger Domkirke blandet sammen denne teologien med utdrag fra Garborgs eget inderlige (og i henhold til noen hans mest fullkomne) poetiske verk. Derfor ble dette ikke bare et religiøst sammensurium, men også et litterært overgrep av groveste slag. Alt velsignet av ledelsen i Garborgåret.

Dette var intet mindre enn å prostituere Garborgs verdi- og livssyn, det syn han så krystallklart har lagt fram i triologien *Den burtkomne Faderen*, *Jesus Messias* og *Heimkomin Son*. Knappt noen forfatter i Norge har definert sitt livssyn så tydelig som Arne Garborg. Hulda skriver i forordet til Dagbøkene: *Mest harma det honom, at «Den burtkomne Faderen» av mange vart teken for ei teologisk oppbyggjingsbok . . . Og han som meinte, at han her hadde tala så tydeleg og klårt og ærleg om sitt syn på kyrkja og teologien, at det skulde vera rådløst for nokon å mistyde han.*

Men så viser det seg i 2001 at nettopp dette skjer.

Nei, Arne Garborg forble ingen tviler. Etter at han hadde tvilt seg ferdig og nådd sin konklusjon og avklaring omkring 1900, var han ingen tviler lenger. Det etiske standpunktet som ble hans avklaring, sier lite om døden og det hinsidige, men desto mer om det livet vi skal leve her og nå. I dagboka den 23. 2.1907 skriver han:

"I *Den burtkomne Faderen* og *Jesus Messias* har eg (dertil) gjort det eg kunne for å jamne Veg for Folk av mitt Slag, jamne Veg, så dei kan finne fortare, og dermed vel lenger fram enn eg kunne vinne. Eg skønar meir og meir, at eg her har gjort det eg kunne gjera; og då min Veg låg her, so må eg og tru at eg hev gjort det eg skulle gjera . . . eg er glad for at eg fekk leva så lenge at eg kom so vidt „til Ro" ; fekk sjå utover Tilværet mitt i Samanheng. Som Livet var lagt til Rettes for meg, så var det dette religiøse eg fyrst og fremst måtte klara."

Her viser han at:

1. Den som ønsker å forstå hva han mente i religiøse og metafysiske spørsmål, eller la ham få "jamne veg" i egen søken, bør lese disse to bøkene i sammenheng.

2. Hans standpunkt var evolusjonsmessig. Det vil si at "folk av mitt slag" var ment å komme lenger enn ham selv. Her gjaldt altså ingen dogme eller doktrine. Han var imot alt slikt.
3. Denne "avklaring", denne "Ro" er sylkvass i sin utforming, og overlater ingen i tvil om hvor han stod. Igjen og igjen kommer han tilbake til dette i sitt største verk – 6 bind dagbøker på mer enn 2000 sider skrevet 1905 - 23. (Disse er ikke med i Samlede verker)

Personlig ble dette det viktigste i siste del av livet hans. Men garborgforskningen har hatt det strevsomt med å få fram dette, fordi det ikke er enkelt å lage avhandlinger om noe som i utgangspunktet er krystallklart. Og ettersom forskningen om Garborg stort sett har vært litterær, så var hans livsanskuelse uinteressant etter at hans bokavling var innhøstet i 1908.

Derfor blir det i 2001 som på hans 70-årsdag i 1921 da det ble arrangert fest for ham på bedehuset Saron på Bryne. Han skrev etterpå og takket for innbydelsen og beklaget hvorfor han ikke kom til festen:

. . . det er kje for meg det vart halde fest; det var for ein Aadne Garborg som folk sjølv heve laga seg til rettes.

Svar til Solheim i Stavanger Aftenblad 29.01.2002

Sanninga om Garborgåret

Det trengst ein kommentar til Rolf Erik Solheim sitt innlegg «Garborgåret og Sandheden» i Aftenbladet 17. januar.

Av Sveinung Time, førsteamanuensis Høgskolen i Bergen og leiar av Garborg-året 2001 sitt faglege utval

Solheim har sett seg føre å forkynne den endelege Sanninga - både om Arne Garborg og om arrangørane av Garborg-året 2001. Dei siste, inkludert Stiftinga Garborg-året 2001 sitt faglege utval, som underteikna var leiar for, kjem ille ut av året - nettopp fordi dei eller vi i Solheims vurdering ikkje klart nok har framheva den antikapitalistiske og religionskritiske Garborg: nei, det vart det ikkje rom for i dei 450 tilstellingane. Tvert om kan det sjå ut som Solheim meiner arrangørane har villa løyne desse sidene ved Garborg ved ikkje å gjere antikapitalismen og religionskritikken til eit hovudtema. I alle fall ser han dei fleste aktivitetane som bidrag til stadfesting av mytar om at den eldre Garborg var ein ufarleg tvilar. Dette er ikkje

berre ei fornærming mot han sjølv, men det er ein grov bommert som styret og det faglege utvalet i Garborgåret må ta ansvar for.

Dette er så pass direkte og sterkt sagt at nokre punktvis merknader kan vere på sin plass:

Både einig og ueinig

Det er ikkje vanskeleg å vere einig med Solheim i at den eldre Garborgs samfunnssyn og religionskritikk er undervurdert og står for det kanskje mest aktuelle ved budskapet hans. Det er

heller ikkje vanskeleg å vere einig i at det ofte er forunderleg korleis dei klare standpunkta mot politiske og åndelege autoritetar blir gjort om til ein Aadne Garborg «som folk sjølv heve laga seg til rettes». I framhaldet av dette sitatet seier Garborg: «Men det er det som er so utrulegt; for eg veit ikkje av anna enn at eg alltid hev sagt ifraa, naar høve baud seg». Og det er slett ikkje vanskeleg å vere einig i at spesielt jubileum og feiringar ofte bidrar til eigentilpassing av jubilaranten. Seinast her i Aftenbladet ved juletider skreiv biskop Baasland at Garborg meinte at kjærlighet, håp og etikk må forankres i noe dypere, i Gud. Eg veit ikkje kor biskopen meiner å finna belegg for denne påstanden. Solheims kritiske poeng har eg stått for heilt sidan eg i 1975 skreiv hovudoppgåve om nettopp «Samfunnssyn og produksjon hos den eldre Arne Garborg» - og tok avstand frå det rådande synet på at han er uinteressant etter 1904.

Kvifor reagerer eg trass denne semja på Solheims meningsytring? For det første fordi det ikkje er rett at antikapitalisten og religionskritikaren ikkje har butt tematisert i mange av dei meir enn 450 arrangementa. Sjølv har eg til dømes deltatt med over ti foredrag, på høgskolar og universitet, Bokbyen i Fjærland, diverse ungdomslag og mållag. Dei fleste stader har eg hatt det farleg aktuelle samfunnsmennesket Garborg som tema - fleire gonger saman med opplesar som har lese frå Dagbøkene og mange av dei kritiske tekstane Solheim etterlyser. Og eg har snakka med ei rekke andre foredragshaldarar og interessert Garborg-publikum som fortel at nettopp desse sidene er blitt tatt opp på ulike måtar. Slikt har ikkje Solheim kunna lese seg til på Garborg-året sine nettsider (eller i andre programoversikter), men då skal han heller ikkje rykke ut og gi ein samlekaraktistikk av dei meir enn 450 mangfaldige og sikkert svært ulike og sprikande arrangementa - som om dei stort sett var ivrig dyneløfting om samlivet med Hulda og saumfaring av hans ungdomssynder i beste Se og Hør-stil.

Skulle initiere - ikkje kontrollere

For det andre reagerer eg på at Solheim synest å meine at Stiftinga Garborg-året 2001 skulle hatt som oppgåve å forvalte ei slags autorisert Sanning om den politiske Garborg - for så å rykke ut med denne Sanninga når ein del av arrangementa ikkje var etter stiftinga, mi eiga eller Solheims oppfatning. Stiftinga Garborg-året 2001 si hovudoppgåve har vore å initiere og koordinere eit mangfald av aktivitetar og arrangement - ikkje å bestemme innhaldet i dei. Heller ikkje å autorisere eventuelle konklusjonar frå dei. Då får det heller våge seg at ein i ei kyrkje messar om tvilaren Garborg - og at han i ei anna ikkje slepp inn med tekstar i musikalsk form ein gong! I begge tilfelle kom det noko positivt ut av det: Nemleg debatt - der mellom andre Solheim leverte fruktbart innlegg. Og her er vi ved poenget: Garborg-året 2001 kan og bør diskuteras og kritiseras. Men då må kritikken i hovudsak rettast mot dei som

har laga dei einskilde bidraga og dei einskildpersonane ein er usamd med. Viss eg tildømes meiner at NRK-filmen var personfiksert, privatiserande (dyneløftande) og ikkje nytta potensialet i Garborgs tekstar godt nok, så kritiserer eg filmskaparen for det - ikkje styret eller den daglege leiinga for Garborg-året, som nå i eit par år har arbeidd for å skape og halde i gang eit uvanleg variert diktarjubileum. Dei ville sikkert og ha gjort mangt på ein annan måte. Men offentleg å skulde dei for i det store og heile å ha bidratt til ei fornærming av dikteren sjølv - fordi om ein sjølv ville hatt andre arrangement, er svært urimeleg.

Spesielt løfta fram

Stiftinga Garborg-året 2001 supplerte jubileumsprogrammet ved å løfte fram og gjere eksplisitt dei problemstillingane Solheim etterlyser. Tre eksempel: I eit Kafe G.-møte i Oslo blei det sett fokus på den politiske Garborg. Ikkje minst kom der historieprofessor Jostein Nerbøvik grundig inn på Garborgs antikapitalisme og georgisme. På ein konferanse i Oslo om stad, fellesskap og nasjonal identitet - frå Garborg til Bauman, blei Garborgs livs- og verdisyn, og ikkje minst hans antikapitalisme, tatt opp på brei basis. Og i eit Kafe G.-møte i Stavanger, der Solheim sjølv var ein av dei inviterte debatt deltakarane (!), blei Garborgs livs- og verdisyn og hans religionskritikk sett på dagsorden. Lista kunne vore gjort lengre. Og dessutan: Generelt er Garborg-litteraturen så gjennomsyra av livssynsspørsmål og politikk at det er til å undrast over korleis Solheim trur dei mange formidlarane over store delar av landet har framstilt han kjemisk reinska for dette. Det er ei både frimodig og frekk vurdering av andre si Garborg-lesing og -forståing Solheim her gjev til kjenne. Til slutt: Måtte 2002 bli eit nytt Garborg-år - med fordjupande lesing og gode diskusjonar - ikkje minst om livssyn og politikk.

(Det vert med dette sett strek for denne debatten. Red.)